



## MØTEBOK

<b>Organ</b>	<b>Hovudutval for samferdsle</b>
<b>Møtestad</b>	<b>Sygna, Fylkeshuset på Leikanger</b>
<b>Møtedato</b>	<b>28.05.2019</b>
<b>Kl.</b>	<b>09:00-13:00</b>

**Faste medlemer til stades:**

Noralf Distad H  
Bjørn Hollevik H  
Gunhild Berge Stang V  
Arnstein Menes Sp  
Gunn Sande Sp  
Helen Hjertaas Ap  
Harald Bjarte Reite Ap  
Stein Malkenes MDG

**Forfall til møtet:**

Sigurd Reksnes Sp

**Varamedlemer til stades:**

Kjetil Høgseth Felde Sp

**Til stades med møte- og talerett:**

Dina Lefdal

**Sekretariat for møtet:**

Monica Åsnes

Utvalet tek stilling til om kva saker som skal vere opne/lukka.

Hovudutval valde møteleiar og Stein Malkenes til å godkjenne møteboka på vegner av organet.

Orientering frå Sogndal, Leikanger og Balestrand kommune v/ Jarle Årvoll, Jon Håkon Odd og Stig Arne Thune.

Orientering frå kollektiv v/Øystein Hunvik .

**SAK 14/19      Kjøp av rutetenester med båt fra 1. mai 2022 - ekstra utgreiing**

**Frå fylkesrådmannen låg det føre slik tilråding til vedtak:**

**Fylkesrådmannen rår hovudutval for samferdsel til å gjere slikt vedtak:**

**Hovudutvalet rår fylkesutvalet til å gjere slikt vedtak:**

**Fylkesutvalet rår fylkestinget til gjere slikt vedtak:**

1. Ved utlysing av kontraktar for nye båtruter, skal det inviterast til lågast mogleg utslepp på alle ruter. Utlysinga må organiserast slik at dei tilboda som totalt sett gjev best nytte/kostnad vinn fram. Både klima/miljø, økonomi og driftsopplegg skal vektleggast.
2. Det vert ikkje etablert nye ruter mellom Flora, Måløy og Selje.
3. Det skal leggast til rette for å kome i posisjon til statlege støtteordningar for nye klima- og miljøtiltak.

**Endringsframlegg:**

Hovudutval for samferdsle sette fram slikt fellesframlegg til nytt punkt 2:

Rute mellom Florø-Måløy-Selje vert lyst ut i anbodet med opsjonar på utvida frekvens/pendlarrute

**Avrøysting:**

Det vart røysta punktvis over tilrådinga til fylkesrådmannen med endringsframlegget.

Fylkesrådmannen si tilråding til punkt 1 vart samråystes vedteke.

Fylkesrådmannen si tilråding til punkt 2 vart sett opp mot fellesframlegg til nytt punkt 2.

Fellesframlegg til nytt punkt 2 vart samråystes vedteke.

Fylkesrådmann si tilråding til punkt 3 vart samråystes vedteke.

**Dette gir følgjande VEDTAK:**

**Hovudutvalet rår fylkesutvalet til å gjere slikt vedtak:**

**Fylkesutvalet rår fylkestinget til gjere slikt vedtak:**

1. Ved utlysing av kontraktar for nye båtruter, skal det inviterast til lågast mogleg utslepp på alle ruter. Utlysinga må organiserast slik at dei tilboda som totalt sett gjev best nytte/kostnad vinn fram. Både klima/miljø, økonomi og driftsopplegg skal vektleggast.
2. Rute mellom Florø-Måløy-Selje vert lyst ut i anbodet med opsjonar på utvida frekvens/pendlarrute.
3. Det skal leggast til rette for å kome i posisjon til statlege støtteordningar for nye klima- og miljøtiltak.

**SAK 15/19      Søknad om finansiell deltaking i nytt hurtigbåttilbod mellom Florø Smørhamn Måløy**

**Frå fylkesrådmannen låg det føre slik tilråding til vedtak:**

**Fylkesrådmannen rår hovudutval for samferdsel til å gjere slikt vedtak:**

**Hovudutval for samferdsle rår fylkesutvalet til å gjere slikt vedtak:**

**Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:**

Søknaden frå fellesnemnda for Nye Kinn kommune om medfinansiering av ny båtrute Flora – Smørhamn – Måløy vert avslegen.

**Endringsframlegg:**

Hovudutval for samferdsle sette fram slikt fellesframlegg:

Søknaden frå fellesnemnda for Nye Kinn kommune om medfinansiering av ny båtrute Flora – Smørhamn – Måløy vert støtta.

Støtta vert ytt som ein eingongssum til Nye Kinn kommune på 4,9 mill. Tilskotet vert finansiert ved å nytte av overskotet til fylkeskommunen i 2018, og utbetalt i 2019.

**Avrøysting:**

Fylkesrådmannen si tilråding vart sett opp mot endringsframlegget. Endringsframlegget vart samråystes vedteke.

**Dette gir følgjande VEDTAK:**

**Hovudutval for samferdsle rår fylkesutvalet til å gjere slikt vedtak:**

**Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:**

Søknaden frå fellesnemnda for Nye Kinn kommune om medfinansiering av ny båtrute Flora – Smørhamn – Måløy vert støtta.

Støtta vert ytt som ein eingongssum til Nye Kinn kommune på 4,9 mill. Tilskotet vert finansiert ved å nytte av overskotet til fylkeskommunen i 2018, og utbetalt i 2019.

---

**SAK 16/19      Ferjeavløysing Ytre Steinsund bru - stadfestning av vedtak**

**Frå fylkesrådmannen låg det føre slik tilråding til vedtak:**

**Fylkesrådmannen rår hovudutval for samferdsle til å gje slik tilråding:**

**Hovudutvalet rår fylkesutvalet til å gje slik tilråding:**

**Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:**

1. Fylkestinget syner til vedtak i FT-sak 55/17 og stadfestar at prosjektet Ytre Steinsund bru skal realiserast som eit ferjeavløysingsprosjekt i samsvar med følgjande finansieringsplan:

Finansieringsplan i mill. 2019-kr

Prosjektkostnad	716,8
Avviksløyving (10. pst)	71,7
<u>Sum</u>	<u>788,5</u>
<hr/>	
Mva. refusjon	146,5
Fylkeskommunalt lån	639,0
<u>Sum</u>	<u>788,5</u>

2. Fylkestinget gir fylkesutvalet fullmakt til å gjøre det endelege stadfestingsvedtaket om investeringsprosjektet når svar på søknad om ferjeavløysingsmidlar fra Kommunal- og moderniseringsdepartementet føreligg.
3. Eventuelle justeringar i driftsbudsjettet som følge av endeleg fastsetting av årleg ferjeavløysingsbeløp fra Kommunal- og moderniseringsdepartementet vert innarbeidd i økonomiplanen til Vestland fylkeskommune.

**Endringsframlegg:**

Framlegg frå arbeidarpartiet til nytt punkt 2:

Fylkestinget gir fylkesutvalet fullmakt til å gjøre det endelege stadfestingsvedtaket om investeringsprosjektet når svar på søknad om ferjeavløysingsmidlar fra Kommunal- og moderniseringsdepartementet føreligg.

Skulle svaret frå KMD være dårlegare enn skisser ber vi om at saka vert tatt opp att i fylkestinget i oktober.

**Avrøysting:**

Det vart røysta punktvis.

Fylkesrådmannen si tilråding til punkt 1 vart samrøystes vedteke.

Fylkesrådmannen si tilråding til punkt 2 vart sett opp mot framlegget frå Arbeiderpartiet.  
Arbeidarpartiet sitt framlegg fekk 3 røyster og fall: Harald Bjarte Reite, Helen Hjertaas, begge Arbeiderpartiet og Stein Malkenes, Miljø Partiet De Grønne.

Fylkesrådmannen si tilråding til punkt 3 vart samrøystes vedteke.

**Dette gir følgjande VEDTAK:**

**Hovudutvalet rår fylkesutvalet til å gje slik tilråding:**

**Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:**

1. Fylkestinget syner til vedtak i FT-sak 55/17 og stadfestar at prosjektet Ytre Steinsund bru skal realiseraast som eit ferjeavløysingsprosjekt i samsvar med følgjande finansieringsplan:

Finansieringsplan i mill. 2019-kr

Prosjektkostnad	716,8
Avviksløyving (10. pst)	71,7
<u>Sum</u>	<u>788,5</u>
Mva. refusjon	146,5
Fylkeskommunalt lån	639,0
<u>Sum</u>	<u>788,5</u>

2. Fylkestinget gir fylkesutvalet fullmakt til å gjøre det endelege stadfestingsvedtaket om investeringsprosjektet når svar på søknad om ferjeavløysingsmidlar fra Kommunal- og moderniseringsdepartementet føreligg.
3. Eventuelle justeringar i driftsbudsjettet som følge av endeleg fastsetting av årleg ferjeavløysingsbeløp fra Kommunal- og moderniseringsdepartementet vert innarbeidd i økonomiplanen til Vestland fylkeskommune.

---

**SAK 17/19      Fv. 303 Seimsdalstunnelen - kostnadsoverslag**

**VEDTAK:**

**Hovudutvalet rår fylkesutvalet til å gje slik tilråding:  
Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:**

1. Fylkestinget godkjenner eit kostnadsoverslag for prosjektet fv. 303 Seimsdalstunnelen på 318,5 mill. 2019-kr.
  2. Endringar i drifts- og investeringsbudsjettet som følgje av godkjent kostnadsoverslag for prosjektet vert å innarbeide i budsjett 2019, og i økonomiplan 2020-2023 for Vestland fylkeskommune.
- 

**SAK 18/19      Årsrapport 2018 for Sogn og Fjordane fylkeskommune**

**VEDTAK:**

**Hovudutvalet rår fylkesutvalet til å gje slik tilråding:  
Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:**

Årsrapport 2018 for Sogn og Fjordane fylkeskommune vert teken til orientering.

---

**SAK 19/19      Tertiarrapport 1/2019**

**VEDTAK:**

**Hovudutvalet rår fylkesutvalet til å gje slik tilråding:  
Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:**

**A. Det vert gjort slike endringar i driftsbudsjettet for 2019**

- 1 Rammetilskotet vert auka med 52,000 mill. kr. Avsetjing til disposisjonsfond vert auka med 29,400 mill. kr
- 2 Lokale inntekter vert auka med 0,075 mill. kr
- 3 Bruk av bundne fond vert auka med 24,826 mill. kr.
- 4 Sektorbudsjettet til politisk styring, plan og forvaltning vert auka med 2,350 mill. kr med slik fordeling:

*Teneste 4200 Administrasjon vert auka med 3,600 mill. kr*

*Teneste 4600 Oppgåver utanfor ord. FK område vert redusert med 3,000 mill. kr knytt til kostnadar ved samanslåingsprosessen*

*Teneste 4600 Oppgåver utanfor ord. FK område vert auka med 0,250 mill. kr knytt til tilskot til Redningsselskapet.*

*Teneste 4801 Juridisk honorar vert auka med 1,500 mill. kr*

- 5 Sektorbudsjettet til opplæring vert redusert med 2,500 mill. kr med slik fordeling:

*Teneste 5100 Utgifter til lokale vert redusert med 0,910 mill. kr*

*Teneste 5101 Vedlikehald og drift av skulebygg vert auka med 1,645 mill. kr*

*Teneste 5151 Fellesutgifter vert redusert med 2,500 mill. kr*

*Teneste 5590 Landsliner vert redusert med 0,735 mill. kr*

- 6 Fagskulen i Sogn og Fjordane får ei auka løyving på 0,469 mill. kr. Løyvinga vert dekka innafor tilgjengelege midlar på teneste 5540 Fagskulen.

- 7 Sektorbudsjettet til samferdsle vert auka med 22,600 mill. kr med slik fordeling:

*Teneste 7222 Fylkesvegar – drift og vedlikehald vert auka med 15,000 mill. kr*

*Teneste 7210 Fylkesvegferjer vert auka med 7,600 mill. kr*

- 8 Tilbakeførte midlar frå Innovasjon Norge på 1,638 mill. kr vert inntektsført på sektoren næring og kultur. Midlane vert nytta til breibandsatsing i 2019.

- 9 Samla vert driftsbudsjettet saldert ved avsetjing til bufferfondet med 25,025 mill. kr

#### **B. Det vert gjort slike endringar i kapitalbudsjettet for 2019**

- 1 Investeringsprogrammet for bygg med tilhøyrande finansieringsplan vert endra i samsvar med vedlegg 4.
- 2 Investeringsprogrammet for fylkesvegar med tilhøyrande finansieringsplan vert endra i samsvar med vedlegg 5.

#### **C. Andre områder**

- 1 Rapportering på finansporteføljen i vedlegg 7 vert teken til vitande.
- 2 Rapportering på konsesjonskraftomsetjing i vedlegg 8 vert teken til vitande.
- 

### **SAK 20/19 Skriv og meldingar - hovudutval for samferdsle 28. mai**

1a Framlegg til utbetringar på fylkesveg 180 Fresvik -Vangsnæs  
1b Vegen Fresvik-Vangsnæs

2 Endring av vegnummer som følgje av regionreforma

3a Høringsuttale frå Eid Formannskap til Statens Vegvesen.

3b Vedtak Fylkesutvalet .

3c Statens Vegvesen sitt fagmiljø i Nordfjord må styrkast, ikkje byggast ned! .

3d Statens Vegvesen sitt fagmiljø i Nordfjord må styrkast .

#### **VEDTAK:**

Hovudutval for samferdsle legg til grunn at fylkesutvalet gjev fråsegn i saka.

4 Innspel til RTP - ønske om endring for fv 542 Eikefjord sentrum - rv5/Kvalvik.

5a Høyring om nye læreplanar i skulen – framlegg til uttale frå FTU

5b Høring om trafikkopplæring til førerkort og unntak fra fraværsgrensen i videregående skole.

6 Studentrabatt for lærlingar og lærekandidatar på reiser med buss og båt

7a Forespørsl om høringsuttalelse

7b Høringsutkast

7c Forslag gamle Strynefjellsvegen

8 Forslag til plassering av Statens vegvesen

---